



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President  
Ekspedisjonskontoret  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/1832-2

20. september 2018

**Spørsmål nr. 2218 til skriftleg besvarelse frå stortingsrepresentant Geir Pollestad til samferdselsminister Jon Georg Dale**

Spørsmål: Hvor mye bompenger er stilt til disposisjon fra bompengeselskapene til bygging av veg og andre formål pr. år fra 2013 til 2018?

Svar:

Dei siste fem åra har veksten i bompengar blitt redusert gjennom nedlegging av bomstasjonar, auka statlege bidrag i prosjekt og reduserte takstar utanfor byområda. Gjennom bompengereforma blir talet på selskap redusert frå om lag 50-60 til fem regionale bompengeselskap. Dette vil gi meir effektive, brukarvennlege og profesjonelle selskap.

Regjeringa har spart bilistane for bompengar med ei rekkje tiltak:

- Betalt ned restgjeld i fire bompengeprojekt, som avvikla innkrevjinga i 2014.
- Betalt ned gjeld i eitt prosjekt før innkrevjinga starta opp, samt delvis innfridd gjeld i eitt prosjekt. Dette har til saman spara bilistane årleg for 80-85 mill. kr i bompengar.
- Endringar i tidlegare finansieringsopplegg for utbygging av prosjekta E134 Seljord-Åmot i Telemark og E6 Helgeland nord i Nordland. Bilistane vert spart for 900 mill. kr.
- Satt ned bompengebidrag på 120 mill. kr for prosjektet E16 Fønhus - Bagn i Oppland.
- Satt ned bompengebidrag på 310 mill. kr ved at prosjektet rv. 36 Skyggstein - Skjeldbredstrand i Bypakke Grenland blir fullfinansiert med statlege midlar.
- Ordninga med tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda sparer bilistane årleg for om lag 500 mill. kr i bompengar. Det gir lågare bompengesatsar i rundt 40 prosjekt.

Tabellen viser utviklinga av bompengar i perioden 2010-2018:

År	Bompengar stilt til disposisjon riksveg <sup>2</sup>	Bompengar stilt til disposisjon fylkesveg (inkl. Oslo kommune)	Bompengar stilt til disposisjon totalt	i mill. 2019-kr
				Innbetalte bompengar – totalt
2010	5 723	4 509	10 232	7 831
2011	5 912	4 612	10 524	8 251
2012	8 332	5 367	13 699	8 698
2013	8 803	5 271	14 074	9 305
2014	9 727	5 047	14 774	9 585
2015	8 199	5 559	13 758	10 256
2016	7 723	3 655	11 378	10 513
2017	9 400	4 091	13 491	10 863
2018 Prognose <sup>1</sup>	8 300	6 100	14 400	

1) Tala for innbetalte bompengar frå trafikantane er basert på etterskotsvis rapport frå bompengeselskapa. Prognosar for 2018 ligg ikkje føre.

2) Inkl. tal for Nye Veier AS med 1 300 mill. kr i 2017, 1 300 mill. kr i 2018

Med helsing

Jon Georg Dale